

Veke 40

Nok ei veke er over og her kjem ei lita oppsummering på kva me har jobba med i Gaupne barnehage.


Det har foregått fagprøve her i tre dagar: tysdag, onsdag og torsdag. Marita som har vore lærling hjå oss, gjekk opp til fagprøve. Ho har vore innoom heile tre ulike avdelingar i den perioden ho har vore i barnehage og i tillegg har ho fått erfara både barne og ungdomsskule i kommunen.

Ho fekk tilbakemelding på både det skriftlege, praktiske oppgåver og munnleg prøve til slutt. Marita fekk ikkje berre bestått men ho fekk bestått meget :) Fagnemnda var imponert over Marita og sa dette var noko av det beste dei hadde sett.

Det er berre å **gratulera** Marita med vel gjennomført fagbrev også vil ho gå inn i eitt kort vikariat hjå oss fram til februar i første omgang.



Rosa, Grøn og Blå har fortsatt Bravoprojektet sitt. Denne veka har dei hatt kategoriar som bær, kroppsdelar, sosiale ferdigheitar, fargar, bokstavar, geometriske figurar og trafikkskilt. Det er fasinerande at barn følgjer med når ord som vikeplikt, molter og liknande blir presentert. Barna har kopla flaske med kaldt vatn til ordet kald, og flaske med varmt vatn til ordet varm. Dei har og fått smaka på bær mens dei får sjå korleis ordet ser ut.



Her er det dei blå barna som skal finne sin bokstav, ei arbeidsoppgåve dei fort løyste.

I tillegg har dei lese om geitekillingen i små grupper



Barna sit på små saccosekkar og følgjer med på geitekillingen på flanellograf.

På turkis og Orange har dei og denne veka vore på to aldersdelte turar. Dei har vore i Grindane, Rørslebakkane og Parken. Været har igjen spelt på lag så då går det an og ha med niste og ete ute.



I slutten av veka har det vore store og små kokkar i sving på kjøkkenet. Grønnsakssuppe skulle lagast og det var mykje arbeid i å kutte opp pølser, potet, kålrot, gulrot og purre. Alle smakte og sjølv om nokre sa i forkant at dei ikkje likte det var det fleire som åt mykje. På Orange fantaserte eitt barn og ein voksen om kva dei skulle gjort om det berre vart dei i barnehagen den dagen og barnet drøymte om pizza. Sjølv om det kom litt fleire barn og vaksne der så vart det pizza den dagen.

Det er kjekt og sjå at det er rom for barna sine innspel og ynskjer. Det er stor aktivitet på kjøkkenet når barna hjelper til, og både små og store barn veit at dei skal vaske hender først når dei kjem inn dit.

Elles går prøyseprosjektet for fullt på huset. Orange driv og lagar masker til alle dyra og turkis har fargelagt dyra som er med i geitekillingen som kunne telje til 10.



Neste veke er det haustferieveka og det er fleire som skal ha fri både av barn og vaksne.

Me ynskjer alle ei fin haustferieveka 😊

